

Notat

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Fonna HF
Dato: 22.01.16
Sakshandsamar: Leif Terje Alvestad
Saka gjeld: Riving av bustadar

Styresak 03/16 O

Administrerande direktør si orientering notat nr. 2

Styremøte 29.01.16

Helse fonna HF har to bustader som ligg på sjukehusområdet på Valen. Det er ikkje lenger behov for desse bustadane og begge står ubrukte. Det vil medføra store kostnader til rehabilitering for å oppgradere bustadane til tilfredstillande standard.

Multiconsult AS gjennomførte i 2011 ei bygningsmessig kartlegging (Multimap) av Helse Fonna HF sine bygningar. Bygningane ved Valen sjukehus fekk i denne kartlegginga ein samla vekta tilstandsgrad på 2.3, høgast av sjukehusa i føretaket. Tilstandsgrad vart angitt mellom 0 og 3, kor 0 var best og 3 var dårlegast.

Helse Fonna HF sine bygningar på Valen har eit samla areal på meir enn 20 000 m². Samla tilstandsgrad på 2.3 synar at det er eit stort vedlikehaldsetterslep for bygningane ved Valen sjukehus. Ein ønskjer derfor å prioritera ressursane på bygningar som i framtida skal nyttast i samband med pasientbehandlinga.

Riksantikvaren har gjennomført ein omfattande fredingsprosess for Valen sjukehus sine bygningar kor desse to bustadane ikkje vart verna. Samstundes førte prosessen til at store bygningar som Gamle Valemon og Søsterheimen vart verna med omfattande restriksjonar.

Ingen av dei to bustadane er fråskilt, men ligg på sjølve sjukehusområdet (G.nr 185/B.nr 182).

Begge bustadane er registrert i SEFRAK-registeret
(Sekretariatet For Registrering Av Faste Kulturminne i Noreg)

«Bygningar som er SEFRAK- registrerte er ikkje tillagt spesielle restriksjonar. Registreringa fungerer meir som eit varsko om at det bør gjerast ei lokal vurdering av verneverdien før ein eventuelt gir løyve til å rive, flytte eller endre bygningen. For bygningar som er eldre enn 1850, er det lovfesta (Kulturminnelova §25)) at ei slik vurdering må gjerast før bygge- eller rivingssøknad blir godkjent. Det er likevel mogleg for kommunen å gje løyve til riving sjølv om kulturminnemyndighetene (fylkeskommunen) tilrår at bygget bør vernast.»

Plassering av bygningane innanfor sjukehusområdet med stor nærleik til pasientbehandlinga gjer at ein ikkje kan tilrå sal av bustadane som alternativ.

Gartnarbustaden

Bustaden vart oppført i 1900 og har vore brukt som tenestebustad, siste leigetakar flytta ut i 2013.

Bustanden er i svært dårleg stand og krev omfattande rehabilitering dersom ein skal nytta huset i framtida.

Smedaplassen

Bustaden vart oppført i 1908 og har vore brukt som tenestebustad og treningsbustad for pasientar. Smedaplassen har stått ubrukt sidan medio 2012. Bustaden er i ein svært dårlig forfatning og det vil være naudsynt med omfattande rehabilitering dersom ein skal nytta bustaden i framtida.

Fakta

Smedaplassen Valevegen 25, 5451 Valen G.nr.: 185 7 B.nr.: 182 Oppført: 1908 Brutto areal: 144 m ² Tomteareal: Ikkje frådelt Bokført verdi: kr 410.217,48 Samla teknisk tilstandsgrad (Multimap): 2,94	
Gartnarbustaden Sjukehusvegen 65, 5451 Valen G.nr.: 185 / B.nr.: 182 Oppført: 1900 Brutto areal: 229 m ² Tomteareal: Ikkje frådelt Bokført verdi: kr 1 685.726,- Samla teknisk tilstandsgrad (Multimap): 2,87	

Administrerende direktør planlegg at det blir sett i gong riving av eigedommane.